



**MØTEPROTOKOLL STRAND KYRKJELEGE FELLELSRÅD**  
**11.01.2023 kl. 18.-19.45 i Tau kyrkje**

**Til stades:** Martin Ivar Arnesen (leiar), Eli Nesvåg, Eirik Stople, Inger Lise Alfarnes, Tor Jan Aarstad, Kristoffer Amdal.

**Andre:** Liv Åse Gaard (møtte for kyrkjeverje)

**01-23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

*Vedtak: Innkalling og sakliste godkjent.*

**02-23 REKNESKAP 2022 - FØREBELS**

*Vedtak: Strand kyrkjeleg fellelsråd tar rekneskapsrapporten til orientering.*

*FR vedtar å bruke midlar frå disposisjonsfondet og to investeringsfond til finansiering av investeringar i 2022.*

**03-23 REKNESKAP SOKNERÅDA 2022**

*Vedtak: Strand kyrkjeleg fellelsråd tar rekneskapa til orientering, og ber Jørpeland sokneråd og Strand sokneråd om å ha ein solid finansieringsplan ved ev endringar i stillingar tilsett på givarteneste.*

**04-23 BUDSJETT 2023, ØKONOMIPLAN 2023-2026**

*Vedtak: Strand kyrkjeleg fellelsråd vedtar driftsbudsjett for 2023 og økonomiplan for 2023-2026 slik desse ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja. FR vil ha ein merknad i økonomiplanen om at kommunen må innarbeide utviding av Strand kyrkjegard i kommunen sin økonomiplan snarast, slik at utvidinga kan vere ferdig innan 5 år.*

**05-23 HMS-RAPPORTERING**

*Vedtak: Strand kyrkjeleg fellelsråd tar HMS-rapporteringa til orientering.*

**06-23 EVENTUELT OG ORIENTERINGAR**

- 1. Møte med rekneskapsførar Strand kommune 10.01.23*
- 2. Møte med kommunen seinare i januar ang. utviding av Strand kyrkjegard*
- 3. Frå sokneråda:*

***Strand** – godt besøk i kyrkja i jula.*  
*Det blei delt ut mat, klede og julegåver til 120 flyktningar før jul i samarbeid med Strand VGS.*  
*Treff for Ukrainarar i kyrkja i januar med over 50 deltakarar.*  
*Arbeidar med å starte språk-kafé*  
*Ny diakoniarbeidar i gang med mykje flott arbeid.*  
***Jørpeland** – fine gudstenester i jula både for skular og barnehagar - og i sjølve julehelga.*
- 4. Kyrkjebladet Preikestolen måtte få tilskott frå Hjelmeland krk fellelsråd, Strand krk Fellelsråd og Forsand sokneråd for å komma i mål økonomisk i 2022.*  
*Marit Rødland er ny redaktør i 2023.*
- 5. FR-møte planlagd 07. juni blir flytta til 31. mai pga. studiedagar for Fellelsrådsleiar.*
- 6. Administrasjonen tar kontakt med kommunen for å avklare mulege stemmelokale ved kyrkjevalet som er same dag som kommunevalet.*

Tau 12. januar

Martin Ivar Arnesen  
leiar

Liv Åse Gaard  
for kyrkjeverje